

REVISJON AV KONSESJONSVILKÅR FOR REGULERING AV HOVATN, FISTØYLVATN, OG RAUVATN I FINNDØLAVASSDRAGET



Fyresdal kommune, Telemark

Valle kommune, Aust-Agder

Høringsnotat, 28. mars 2019

1. Innleiing/bakgrunn

1. Torsdalsreguleringa kom tidleg 1960 talet etter konsesjon gitt ved kgl.res. av 7. april 1961.
2. Finndøla reguleringa med magasinet Øysæ, Votna og Gaus og Finndøla på tidleg 1970- talet etter konsesjon gitt ved kgl.res. av 4. august 1970.
3. Bygging av Haukrei kraftverk tidleg på 1990-talet etter konsesjon gitt ved kgl.res. av 22.03.1991.

2. Kraftproduksjon:

Finndøla kraftverk	306,9 Gwh/år
Haukrei kraftverk	47,9 Gwh/år
Årsproduksjon	355,8 Gwh/år

Samla fallhøgde for Finndøla kraftverk er på 303 meter og for Haukrei kraftverk på 103 m.

Nedbørsfeltet til Finndøla VM (før samløpet til Dalåi) er på 386 km².

3. Magasin:

Torsdalsmagasinet.

Torsdalsmagasinet ligg på det meste å rekne for i Valle kommune. Torsdalsmagasinet er samansett av tre opprinnelege vatn som var Rauvatn, Fistøyelvatn og Hovatn.

Av kjente kulturminne som vart demt ned kan nemnast garden Torsdalen og Kyrkjehomen.

Reguleringshøgda er for dette magasinet på 21 m.

Torsdalsmagasinet er av største verdi for flaumsikring nedstraums og har ved større flaumar begrensa skadane mykje i dei meir kystnære områda av vassdraget.

Dammen skal forsterkast etter nye krav frå NVE.

Det er ikkje krav til sommarvasstand.

Krav til minstevassføring gjennom heile året er 0,4 m³/s.

Øysæmagasinet.

Reguleringshøgda for dette magasinet er på 24 m.

Dammen skal forsterkast etter nye krav frå NVE.

Det er ikkje fremma krav knytt til minstevassføring. Det er kulturminne som nå er lagt under vatn.

Det er krav til sommarvasstand.

Brontjønn

Ligg ved utløpet av Øysæ dammen og kan senkast 4 m i vintermånadane. Kravet til minstevassføring er 0,2m³/s.

Ulvsvatn.

Kleppsvassbekken blir overført til Ulsvatn.

Er ikkje eit reguleringsmagasin. Vatnet blir herifrå ført over til Haukreivatn der vatnet vidare blir overført til Votna som er eit reguleringsmagasin med overføring til Gausvatn som er eit senkingsmagasin for overføring av vatn til Finndøla kraftverk ved Fyresvatn.

Ved Ulsvatn er det montert ei tappeluke for påslepp av minstevassføring ved fossenakken til Lifossen.

Votna.

For dette magasinet er reguleringshøgda 23 m.

Dammen erl utbetra etter nye krav frå NVE.

Det er krav til sommarvasstand som er 579 moh.

Gausvatn.

For dette magasinet er reguleringshøgda på 39 m.

Dammen er utbetra etter NVE sine krav sommaren 2017.

Det er krav til sommarvasstand som er 579 moh.

4. Miljøtiltak i Finndølavassdraget.

Minstevassføring.

Fyresdal kommune syner spesielt *til Rapport 49/2013. Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022*, utarbeida av NVE og Miljødirektoratet. Her har NVE allereie gjort ei vurdering av kva for vassdrag som har stort potensiale for betring av viktige miljøverdiar der krafttapet er lite eller moderat i høve til venta miljøvinst. NVE sitt system for klassifisering er delt i to hovudkategoriar som er prioriterte vassdrag og ikkje prioriterte vassdrag. Finndøla er her plassert i hovudkategori for prioriterte vassdrag, kategori 1.2-lågare prioritet. Vassdrag i kategori 1.2 er vurdert til å ha lågare potensial for forbedring av viktige miljøverdiar, og med antatt større krafttap (samanlikna med vassdrag i kat. 1.1) av aktuelle tiltak sett i forhold til forventa miljøgevinst.

Av aktuelle tiltak har NVE foreslått minstevassføring fra Votnavatni av omsyn til reproduksjon av storaure i Nedre Daåni. Dei foreslår vidare magasinrestriksjonar i Fisstøylvatn og Øysævatn for å sikre tilstrekkelig vasstand av omsyn til landskap og friluftsliv.

Antatt krafttap med desse tiltak er begrensa, dvs. < 5 GWh/år, < 5% av samla produksjon.

Fyresdal kommune stør NVE i desse vurderingane og tilrår at det for Øysæ- og Torsdalsmagasinet blir innført magasinrestriksjonar, men ikkje at det opnast for minstevassføring frå Votna.

Minstevassføringa ut av Torsdalsmagasinet er på 0,4 m³/s.

Det er ikkje krav om minstevassføring knytt til Øysæ, Votna og Gaus.

Minstevassføring ned til Bondalsvatnet er fastsett til 1,5 m³/s om sommaren og vassføringa skal målast ved Finndøla vassmerke som er ca 12 km nedstraums Ulvsvatn. Krav til dokumentasjon for minstevassføring er skjerpa og dette fører til at konsesjonær Arendals Vasdrags Brugseierforening (AVB) slepp opp mot 2 m³/s frå Ulvsvatn for å vere sikker på å unngå enkeltmålingar med timesverdiar under dei fastsette krava. Dette oversleppet frå Ulvsvatn utgjer i storleik 15 Gwh i årleg krafttap i Finndøla kraftstasjon.

Måling av minstevassføring i Finndøla etablert ved Vassmålarhylen som er nedstraums samløpet av dei tre elvane Bondøl, Finndøl og Gausåni, men før samløpet med Daleåa (Finndøla VM).

Sidan 2010/12 når vilkårsrevisjonen vart kravd for Finndølavassdraget er det også vedteke nye forvaltningsplanar i medhald av vassforskrifta. EU sitt vassdirektiv er eit regelverk som skal sikre heilskapleg og økosystembasert forvaltning av Europa sine vassressursar. I Noreg er dette regelverket tatt inn i "Forskrift om rammer for vannforvaltningen (Vannforskriften)". Vassforvaltningsplanane er sentrale ved oppfølging av vilkår om naturforvaltning i vilkårsrevisjonar og krav til miljøaktivitetar.

Kommunen legg til grunn at denne planen er eit uttrykk for dagens miljøstandard i vassdraget og i tillegg kjem landskapsestetikk og reiseliv inn som viktige omsyn.

AVB har kome med eit forslag om endring i minstevassføring og føreslår 800 l/s i sommaren der det i dag er krav om 1500 l/s, 500 l/s i oktober og 200 l/s om vinteren. I oktober og om vinteren er det i dag ikkje krav om minstevassføring. AVB føreslår minstevassføring på 500 l/s i oktober for at gyteområda ikkje tørrleggast i gyteperioden.

AVB ventar at tilsig nedstraums Lifoss (sjå bilete på framsida med 200 l/s) skal vere nok til at vassføringa ved Finndøla VM vil vere om lag den same som i dag. Dei føreslår vidare at målepunktet blir flytt til utlaupet for Ulvsvatn da det er vanskeleg å ta omsyn til restfeltet når minstevassføring sleppast frå Ulvsvatn og målast ved Finndøla vassmerke. Dei seier vidare at det vil føre til mindre problem for drenering av jordbruksareal i området. Det er venta at AVB kan spare inntil 500 l/s i ekstra vass-slepp ved å flytte vassmerket til Ulvsvatn. Vassføringa om sommaren nede ved Taraldlihylane kan derfor bli noko mindre enn i dag. Om sommaren kan fordamping frå restnedbørfeltet gjennom Kleivgrend redusere vassføringa slik at bidraget frå dette uregulerte nedbørfeltet stundom kan bli negativt.

Ein meiner vidare at utfordringane for jordbruket i området kan løysast og at problemet her ikkje bare heng saman med minstevassføringa. Ei lågbru har ein oppstuvande effekt og dreneringsvatn frå jorde må t.d. kunne førast gjennom denne lågbrua i rør og om nødvendig

setjast opp ein forstøtnings-/avledningsmur i tillegg på oversida av brua slik at minstevassføringa er til mindre skade i området.



Nedstrøms Lifossen.

Fyresdal kommune meiner det vil vere svært uheldig å opne for vasslepp frå Votna sommarstid. Det er kort strekning ned til badeplassane ved Taraldlihyllane som da vil få tilført mykje kaldt vatn.

Fyresdal kommune er samd med NVE og AVB at ei auke i minstevassføring gjennom året kan ha verdi for storauren i vassdraget og at ein auke i minstevassføring i Bondøla tilsvarande 0,5 m³/s i oktober (gytetid), 0,2 m³/s fram til vårløysing og deretter 1,5 m³/s som i dag kan vere av interesse. Dette vil i tillegg til å styrke levekåra for storauren vere eit positivt bidrag for å fremje miljøverdiane i eit vassdrag sjølv på dei aller tørraste vinterdagane. Dette vil sikre levelege vilkår for ferskvassorganismar i dei tørraste periodane og gje betre landskapsbilete med vatn i Bondøla til glede for fastbuande og tilreisande. Ei ulempe med å innføre minstevassføring vinterstid er at isen på vatna langsetter Bondøla blir meir usikker og ein kan

stille spørsmål om det er fonuftig å fremje gyteforholda for den vanlege aurestamma sidan det alt er for mykje fisk i området.

Når Fyresdal kommune ikkje ynskjer å endre minstevassføringa er det heller ikkje nødvendig å bruke tid på mogleg tapping frå Votnadammen som kompensasjon for mindre vassføring i Lifoss. Det er likevel viktig å halde fram at kaldare vatn frå Votna vil vere ei ulempe for bading i Taraldlihyllane som er ein mykje bruka bade plass. Før vatnet når Taraldlihyllane får det ei naturleg oppvarming i ein nokså lang elvestrekning i Bondøla fordi det tek tid for vatnet å nå fram. God vassføring i Lifoss er viktig for turistnæringa i området. Området er ein inngangsport til Bispevegen, eit fiskeeldorado og til dei mange hyttene som er i området.

Fyresdal kommune kan akseptere at vassmerket blir flytt opp til utlaupet av Ulsvatn og at minstevassføringskravet gjeld her. Kravet til minstevassføring ved vassmerke Ulsvatn må da setjast til 1500 l/s om sommaren, 500 l/s i oktober og 200 l/s om vinteren.

Vegsikring.

Vegen opp til Torsdalsdammen må sikrast. Fyresdal kommune gir uttrykk for at her må estetikken med oppføring av vern taksast omsyn til da området er svært eksponert for innsyn.



Oppkøyringa til Torsdalsdammen.

Informasjonstavler ved Torsdalsdammen, Øysæ og Votna.

Informasjonstavle ved Torsdalsdammen setjast opp for å informere om Finndølautbyggjinga, kulturminne i området og vandreruter. I tillegg skal det på alle tavler orienterast om farar med å ferdast på regulerte magasin både sommar og vinter for alle dei tre nemnde magasinane.



Topp av Torsdalsdammen

Gangbru over Bispevegen.

Ei gangbru langs Bispevegen har vore drøfta med konsesjonæren. Bispevegen er ei mykje nytta turløype for både Valle og Fyresdal kommunar. Det vart påpeika av AVB at gangbrua i Finndalen nå var utbetra i eit samarbeid med turistforeininga og at det neppe vil vere behov for endringar her i gjeldande revisjonsperiode. Dette er eit lita oppgåve, men eit viktig tilbod til ålmenta som konsesjonæren bør ha eit ansvar for.

Merking på is, av holmar og skjer for å sikre ålmenta trygg ferdsel sommar og vinter på magasina.

AVB føreslår å endre på vilkåra for merking av usikker is fordi det kan vera betydeleg personrisiko med å sikre isen i samsvar med vilkåra i gjeldande formulering og ynskjer derfor å endre dette vilkåret.

I vilkåret for ytterlegare regulering og overføring i Finndølavassdraget heiter det:

«De partier som mister sin bæreevne på grunn av reguleringene og overføringene skal merkes slik: Så snart isen er farbar om høsten, innsirkles det svekkede parti med tau festet til påler som settes fast i isen med passende mellomrom. Tauet skal til enhver tid ha en fri høyde over is- eller snøoverflaten på mellom 0,5 og 1 m.»

Fyresdal kommune er samd i at informasjon om å ferdest i regulerte vassdrag kan bli betre og at informasjonstavler i utsette område må setjast opp. At ny teknologi også kan vere med på å trygge ålmenta som t.d. GPS og djubdekart er rett og at ein kan gjere andre tiltak i dag som gjer ferdselen i området tryggare enn før. Fyresdal kommune vil ikkje endre vilkåra for merking av is eller for bruk av båt. Dersom konsesjonæren set i verk tiltak som sikrar ålmenta sin ferdsel i området ytterlegare er dette naturlegvis positivt. Den merkinga som i dag skjer på isen er stort sett nær damområdet på Torsdalsdammen og er ei nokså overkomeleg oppgåve.

Konsesjonær har orientert om at det ikkje for lenge sidan er blitt rydda opp langs strendene for å få vekk tre og røter som både skjemmer og kan vere til fare for båtar. Slike oppreinskingar må gjerast med jamne mellomrom.

Tappetårn ved Torsdalsdammen.

Fyresdal kommune ser at ynskje som har framkome om tappetårn på Torsdalen for å få varmare vatn nedstraums er urealistisk ut frå eit nytte/kostnads forhold.

Bruk av vegar.

Grunneigar Steinar Taraldlien skriv i mail til kommunen den 27. november i år følgjande:

«På vegne av grunneiere som i sin tid avga grunn vederlagsfritt til veien Libru – Torsdalen, ber vi om at kommunen i sitt samlet krav / brev til NVE v/Konsesjonsavdelingen tar med følgende:

Grunneiere på strekningen Libru – Torsdalen avga i sin tid vederlagsfritt grunn til bygging av veien. Av den grunn finner vi det riktig at vi innvilges fritak for årsavgift / enkeltturavgift».

Sjølv om det er nokså underleg at grunneigarane i Valle kommune fritt kan nytte vegane etter utbygginga medan ordninga ikkje gjeld dei berørte grunneigarane i Fyresdal, er dette spørsmål som ikkje høyrer heime under fastsetjing av nye konsesjonsvilkår. Det kan vera mange grunnar til å ynskje ein omkamp om det som i si tid blei bestemt i vassdragsskjønnet, men vi vurderer det slik at dette må eventuelt takast opp som ei eiga sak med AVB.

Skogskjøtsel.

Delar av område og da i sær i tilknytning til damanlegg gror til med bjørk. Ein reknar med at konsesjonæren utfører nødvendig nødvendig rydding og skogskjøtsel I desse områda.



Attgroing nedstrøms Torsdalsdammen.

Sommarvasstand i Øysæ- og Torsdalsmagasinet.

AVB påpeikar at ei magasinregulering i Hovvatn kan gjere det vanskelegare å vidareføre krav til sommarvasstand i Øysæ, Gaus og Votna. For å sikre at konsesjonsvilkåra blir haldne kan AVB vera nøydd til å la vere å tappe magasinet heilt ned til LRV. Det betyr I så fall at dei ikkje kan gjere seg nytte av heile spennet mellom HRV og LRV, noko som er I strid med den konsesjonen dei har fått.

Fyresdal kommune vil derfor berre krevje såkalla "mjuke restriksjonar" for magasinerna. Det betyr at det ikkje blir sett noko bestemt krav til høgde på vasstanden, men at alt tilsig til magasinet i tida 15.5. – 15.9. skal nyttast til å fylle opp magasinet.

Det er avgjerande at magasinerna er fylt opp om sommaren som er produksjonstida i vassdraga. Erfaringar frå mellom anna Bordalsmagasinet i Vinje har vist at produksjonen av fisk var nær halvert etter at magasinet blei nedtappa sommaren 2006. Nedtapping har også uheldige konsekvensar for dei som nyttar vatna til å kome seg med båt inn til hytter og jaktterreng. Som forum for Natur og friluftsliv Agder held fram vil høgare sommarvasstand også vere til fordel for det biologiske mangfaldet i og rundt vatnet og for landskap og friluftsliv.



Torsdalsdammen.

Mjuke restriksjonar for fyllingskrav av magasin vil vere viktig for å trygge ferdselen i områda. Området oppstrøms Lifossen er eit mykje bruka friluftsområde både vinter og sommar der Lifossen er eit viktig landskapselement som inngang til overliggande areal. Med låg vasstand blir det mykje skjer og grunnar som potensielt kan føre til ulykker. Ved å ha ein sommarvasstand unngår ein mykje av dette noko som vil auke tryggleiken for ålmenta og for skape miljøforbetringar til små kostnader.

Det har og vore sett fram eit ynskje om jamnare vasstand i Øysæmagasinet på sommarstid. Fyresdal kommune ser at her er det gitt krav om sommarvasstand. Det same gjeld Gausvatn. Her har det blitt klaga over at kravet ikkje blir følgt opp, men ein reknar med at regulanten vil fylgje opp krava så godt som mogleg. .

Regulanten må i etterkant rapportere til vassdragsstyresmaktene og kommunane om eventuelle brot på manøvreringsreglementet.

Effektkøyring.

Når konsesjonane for utbygging av Finndølavassdraget vart gitt var dei basert på eit ordinært forsyningsbehov der ein fylte opp magasinane om sommaren for deretter å bruke magasininfyllinga til å levere straum til forbrukar om vinteren. Stort sett årlege variasjonar.

Effektkøyring inneber at kraftverk blir køyrd med full effekt i korte periodar, for deretter å stoppe produksjonen heilt eller delvis etterpå. Det har vore mykje protestar mot slik køyring då det medfører store variasjonar i vasstanden på regulerte vatn. Dette skaper problem for fisk og botneddyr, istilhøve, skadar på båtar, med erosjon osb. Særleg ved låg vasstand kan slik effektkøyring gjere stor skade.

Fyresdal kommune er ikkje kjent med at det er nytta effektkøyring i vassdraget, men meiner å ha registrert hyppigare endringar gjennom året enn det som vanleg var når konsesjonane vart gitt.

Stortinget har fleire gonger gjort vedtak bla. 10.12.1956 og 312,5.1960 der det i høve til berekningsgrunnlaget av naturhestekrefter heiter:

"Ved beregninger av denne økning forutsettes det at magasinene utnyttes på en sådan måte at vassføringen i lågvassperioden blir så jevnt som mulig".

Det inneber eit forbod mot ujamn køyring. Fyresdal kommune er uroa for framtidige skadeverknader om effektkøyering vert nytta.

Konsesjonæren må kunne dokumentere at det ikkje er skjedd endringar i tappemønster som ikkje er i tråd med gitte konsesjonar. Det er lite som talar for at krava til LRV og HRV kan vere brotne. Her er gode rutinar for rapportering innarbeidd med bla. regelmessig vassmåling. Konsesjonær må også gjere greie for om tappemønsteret har endra seg til meir hyppige endringar i magasina enn det ein hadde den fyrste tida etter at Finndøla kraftverk vart bygt og om dette er innanfor vilkåra som er gitt i konsesjonane.

Konsesjonæren må som for HRV og LRV kunne dokumentere at variasjonar i tappemønster ikkje er i strid med konsesjonane som er gitt og Stortingsvedtak som omhandlar dette. Det bør kunne vere konstante målingar som ein kan fylgje online. Ei slik overvaking vil og vere viktig for å kunne følgje med på vassføring og tilhøva for fisk og botndyr. Denne overvakinga må finansierast av konsesjonær og bør inn som eit konsesjonsvilkår.

Når det nå er 30 år til neste vilkårsrevisjon kan slik effektkøyering kome til å gjere store fysiske skadar for vassdragsmiljøet etc. som ikkje var føresett den gong konsesjonane var gitt. NVE må i denne vilkårsrevisjonen ha dette for auga og krevje at regulanten har eit økonomisk ansvar for å utbetre og erstatte skadar som ein ikkje føresåg då konsesjonane vart gitt.

Storaure og fiske i vassdraget.

Storauren er nemnt i revisjonsdokumentet, vedlegg 5. Her har Gustavsen Naturanalyser har lagt vekt på at mengda av stor fisk i vassdraget har gått ned. Dette er vurdert ut frå lokale kjelder. Fisken i Fyresvatn er ganske godt undersøkt, mellom anna av Fiskerikonsulenten for Øst-Norge (Enerud og Lunder 1982), av Fylkesmannen i Telemark (Solhøi 1999) og av NIBIO/Universitetet i Tromsø (Jensen 2009). Men det er ikkje gjort noko særskilt for å undersøke tilstanden for storauren som gyter på Dalåi. Her har ein også i dagens konsesjonsvilkår heimel til å gje pålegg om undersøkingar. Slike pålegg blir gitt av Fylkesmannen, men AVB skal ha høve til uttale seg fyrst.

Det bør også undersøkast om fisketroppa ved Einangen fungerer som ho skal.

Kontroll av at det er samsvar mellom NN1954 og kart/nivellement brukt under konsesjonshandamingar i Finndølavassdraget.

Høgdemålingar ut i frå privat nivellement frå 1919 er veldig forskjellig frå dagens høgdegrunnlag.

Konsesjonær understrekar at det er samsvar mellom dei høgdekoter som vart brukt under konsesjonshandsaming og dagens høgdesystem (NN1954).

Fyresdal kommune krev at dette blir stadfesta som del av vilkårsrevisjonen.

Konsesjonsavgifter og konsesjonskraft.

Fyresdal kommune betalar sjølvkost for konsesjonskraft frå Finndøla og Haukrei kraftstasjonar. Ved oppgraderingar som aukar produksjonen (verknadsgraden) aukar også

sjølvkost utan at kommunen får vinst av dette slik som produsenten gjer. I tillegg syner nyare tilsigsseriar at vassmengdene er større enn det som var lagt til grunn då kraftgrunnlaget vart fastsett.

NVE skriv i sin rapport 49/2013, vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022 at *"klimaendringer har medført endringer i tilsigsmønster og vannføring i vassdragene. Det nyttbare tilsiget har i perioden 1981-2010 økt med 3,3% på landsbasis sammenlignet med tilsigsserier fra forrige 30-årsperiode"*.

Fyresdal kommune krev at konsesjonskraftvolumet og konsesjonsavgiftene skal reknast ut på nytt ut frå kva som er kraftgrunnlaget og verknadsgraden i kraftverket på revisjonstidspunktet.

Båtbruk og fiske i Gausvatn.

Grunneigar for Gausvatn peikar på at vasstanden i Gausvatn svingar mykje og innafor korte tidsrammer. Dette gjer det ekstra vanskeleg med bruk av båt. Dei peikar og på gyteforhold i ein tilstøytande bekk. Fyresdal kommune føreset at det vi oppfattar som svært overkomelege tiltak drøftast mellom konsesjonær og aktuelle grunneigarar, men at det gjerne blir gjort føresetnader om dette som del av vilkårsrevisjonen.



Gausvatn.

Miljøvassføring/miljøfond:

Om Finndølavassdraget hadde blitt bygt ut i dag ville det blitt krav til miljøvassføring utover den minstevassføringa som var lagt til grunn i konsesjonen. Ei slik miljøvassføring ville truleg kunne blitt omlag 10% av midlare årsvassføring. For Finndølavassdraget blir det i dag slept ca. 20 mill m³ frå Ulvsvatn og 5,7 mill. m³ frå Torsdalsmagasinet. Dette svarar høvesvis til eit produksjonstap på 15,1 Gwh og 3,4 Gwh. Dette utgjer omlag 5,2% av midlare årsvassføring som er omlag halvparten av den miljøvassføringa som det ville bli stilt krav om i dag.

Differansen mellom krav til miljøvassføring som ville gje 35 Gwh og dagens minstevassføring på 18 Gwh utgjer 17 Gwh.

Verdien av denne kraftmengda for konsesjonær vil ved ein salspris på 30 øre/kWh og sjølvkost på 10 øre/kWh vere omlag 4.2 mill. kr pr. år (17 000 000x 0.25). Noverdien av denne summen med 4,5% kapitaliseringsrente er 3,5 mill. kr (17x22,2). Dette er eit forsiktig estimat ettersom nettovinst truleg er meir enn 20 øre og kapitaliseringsrenta bør vere lågare enn 4,5%.

Kommunen meiner at 1/5 av denne vinsten bør tilfalle kommunane i tråd med ordninga i vassdragsreguleringslova § 10, post 6 ved heimfall.

Årleg miljøkompensasjon vil då utgjere omlag 37.000 kr og eingongssummen 820.000 kr.

Konsesjonær bør påleggast å gje tilskot til eit fond. Eit slikt fond kan nyttast til miljøtiltak for sårbare og truga fiskeartar, tilrettelegging for eit betre fiske og fremjing av det vassdragsnære friluftslivet. I samband med konsesjonen for Finndøla blei konsesjonæren pålagt å betale kr 100 000 til eit fiskefond. Saman med fond for Fyresvatn har Fyresdal kommune nå eit fond på kr 200 000. Rentene av dette fondet blei i si tid nytta til å organisere og legge til rette for fiskekortordningar i kommunen.

Døme på friluftstiltak kan vere å legge til rette for turstiggar, skiløyper, raste- og badeplassar og naturbasert reiseliv.

Næringsfond

Etter vassdragsreguleringsloven § 17, kan vassdragsmyndigheten pålegge den enkelte konsesjonær å avsette midlar til næringsfond til berørte kommunar. Næringsfondet skal være ein kompensasjon for skader og ulemper, og størrelsen på fondet skal bereknas på bakgrunn av produksjonsstørrelsen og verdien på denne.

Det er ikkje tidlegare pålagt næringsfond i samband med reguleringa av Finndøla. Som fylgje av at konsesjonen blei endra frå tidsavgrensa til ubegrensa tid, og det var føresett av departementet at endringa ikkje «vil innebære noen innskrenkning i departementets adgang til å revidere tidligere gitte konsesjoner», jf. kgl.res. 18. juni 1998 side 85 flg., ber Fyresdal kommune om at det, i med å syne til dagens praksis innførast eit næringsfond, som ved fornying av konsesjonar.

Med å syne til produksjonens størrelse, at anlegga for lengst er nedskrivne og dagens anteke marknadsvardi av kraftanlegget, finn Fyresdal kommune det rimeleg at det avsetjast eit næringsfond til Fyresdal kommune på 30 mill. kroner.

Fyresdal kommune vil understreke at Finndølautbygginga har ført til store naturinnngrep da heile elvestrekningen ligg i kommunen, alle damanlegg og alle magasinane med unntak av Torsdalsmagasinet som for det meste ligg i Valle kommune.

Kommunen ser på eit slikt fond som ein særdeles beskjeden del av den framtidige verdsskapinga i Finndøla kraftverk, basert på verdifulle naturressursar i Fyresdal kommune.

Samarbeid med konsesjonær.

Fyresdal kommune finn grunn til å gje ros for samarbeidet ein har med konsesjonær. Dette gjeld flaumsikring generelt i vassdraget, dialog, tiltak som blir gjort langs regulerte vassdrag, utarbeiding av ROS-analyser ved t.d. dambrot og deltaking kommunen sitt beredskapsarbeid.

Konkretisering av krav:

1. Konsesjonær må løpande kunne dokumentere at det ikkje er endringar i tappemønster med meir hyppige endringar i vasstand og vassføring (effektkøyring). Konsesjonær bør påleggast eit krav om årleg å rapportere til NVE/kommunane som dokumentasjon på om tappemønsteret endrar seg til å bli meir hyppige reguleringar, så som døgnreguleringar og om vassmagasina alt i lengre periodar nå blir halde nede sommarstid grunna store endringar i den europeiske kraftmarknaden.
2. Konsesjonær må ta årlege kostnadar med bruk av ekstern og uavhengig fagkompetanse for årleg å kunne gje ei tilbakemelding om moglege endringar i det fysiske vassdragsmiljøet, og om dette kan ha konsekvensar for fiske og andre artar som lever i vatn eller tilhøyrande område nær inntil vassdragsstrengen. NVE må stille krav om korleis dette skal gjerast som del av vilkårsrevisjonen.
3. Fyresdal kommune fremjar krav til NVE om å få utgiftsdekning etter same prinsipp som for revisjon av konsesjonsvilkåra i Vinstravassdraget (NVE 200706466-20 kv/inh av 17. mars 2010). Dette kravet vil bli fremja for NVE når revisjonssaka er avgjort.
4. Informasjon om vasstand i reguleringsmagasin og vassføring i elvar der det er krav om minstevassføring skal vere tilgjengeleg på nett.
5. Konsesjonær må merke alle skjær og grunnar i regulerte magasin, ikkje berre knytt til ferdselsruter for båt – samt halde desse ved like. På vinterstid krev ein også merking av trygg ferdselsveg med særleg fokus på trygg is.
6. Konsesjonær tar på seg ansvaret for å halde gangbrua langs Bispevegen i Finndalen ved like og halde den trygg for ålmenta.
7. Konsesjonær avklarar med grunneigar for Gausvatn og finn fram til minnelege avtale for å gjere det lettare med båtutsett og moglege tiltak i gytebekk.
8. Fyresdal kommune kan akseptere at vassmerket blir flytt opp til utlaupet av Ulvsvatn og at minstevassføringskravet gjeld her. Kravet til minstevassføring ved vassmerke Ulvsvatn må da setjast til 1500 l/s om sommaren, 500 l/s i oktober og 200 l/s om vinteren.
9. Konsesjonær oppfører informasjonstavle ved Torsdalsdammen om Finndøla reguleringa og aktuelle kulturminne, samt informasjon om turistvegar i området. Konsesjonær set vidare opp informasjonstavler om vasstand med

- merking av regulerte vassdrag. Konesjonær gjer materiale om minstevassføring og vasstand i magasin tilgjengeleg for ålmenta som leggast ut på nett.
10. Fyresdal kommune krev ein årleg miljøkompensasjon som vil utgjere omlag 37.000 kr og ein eingongssum på kr 820.000 kr.
 11. Fyresdal kommune krev eit næringsfond på 30. mill. kr.
 12. Fyresdal kommune krev at konsesjonskraftvolumet og konsesjonsavgiftene skal reknast ut på nytt ut frå kva som er kraftgrunnlaget og verknadsgraden i kraftverket på revisjonstidspunktet.
 13. Det synes vere noko uklart når det ved konsesjonshandsaming for Torsdalsmagasinet vart brukt berre gamle kart og høgdemålingar frå privat nivellement frå 1919, som er veldig forskjellig frå dagens høgdegrunnlag. Konesjonær understrekar at det er samsvar mellom dei høgdekoter som vart brukt under konsesjonshandsaming og dagens høgdesystem (NN1954). Fyresdal kommune krev at dette blir stadfesta som del av vilkårsrevisjonen.
 14. Innføring av nye standardvilkår for naturforvaltning må nyttast for å pålegge regelmessige undersøkingar av tilhøva for fisk og anna biologisk mangfald i vassdrag